



Statens vegvesen

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2015/093435-002

Dykkar referanse:
ard015014

Vår dato:
05.08.2015

Reguleringsplan for Nesfossen nærings- og industriområde - Gnr. 56 bnr. 14 m. fl. - Lindås kommune - Varsel om oppstart av planarbeid

Vi viser til Dykkar brev av 21.07.15 med varsel om oppstart av planarbeid for reguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for Nesfossen Smolt, gnr. 56, bnr. 14 m. fl. i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 40 daa, like nordvest for eksisterande smoltanlegg til Nesfossen as. Planområdet er i kommuneplanen avsett til LNF og industriføremål. Eksisterande anlegg er ikkje regulert, men er i samsvar med overordna plan og difor tek ein dette arealet med inn i same reguleringsplan for at heile industriområdet skal vere regulert.

Planframlegget legg opp til utviding av eksisterande industrianlegg, med sjøbasert anlegg for smoltproduksjon med tilhøyrande installasjonar. I samband med dette arbeidet er det avklara at tiltaket skal konsekvensutgreiast og det er difor utarbeidd eit framlegg til planprogram der det vert gjort greie for korleis ein tenkjer seg at denne konsekvensutgreiinga skal kunne gjennomførast.

Statens vegvesen har vurdert framlegget til planprogram spesielt retta mot konsekvensar ei utviding av eksisterande anlegg vil kunne få i samband med auka trafikk til området og eventuelle tiltak som må gjennomførast for å sikre trafikksikre løysingar m.a. i krysset med fylkesveg 57.

Eksisterande anlegg er i dag knytt til fylkesveg 57 med ein privat veg frå anlegget. Denne private vegen har låg standard med ei køyrebane og utan tilbod til mjuke trafikantar. Fylkesveg 57 er ein del av hovudvegssystemet til industriområdet Mongstad og tettstaden Lindås sentrum.

Etter vår vurdering bør planområdet utvidast slik at den private vegen og kryssområdet ved fylkesveg 57 vert del av planområdet slik at ein kan sikre ei oppgradering av den private vegen og kryssområdet i samsvar med krava i handbok N100 Veg- og gateutforming frå Vegdirektoratet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til varselet om oppstart av planarbeidet og framlegget til planprogram.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing



Sindre Lillebø
seksjonssjef



Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen